



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato 20.10.2022
Møtetid: Kl. 13:00 - 17:45
Møtestad: Kommunestyresalen - kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap
Harald Boge	Ap
Jon Magne Bogevik	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Knut Loneland Høibraaten	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	Sp
Øyvind Røen	Sp

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Karl Bård Kollbotn	Frp	Håvard Tvedterås	Frp

Møtenotater:

Andre som var tili stades på møtet:

- Ove Sæbø, rådmann
- Karl Viken, kommunalsef økonomi og organisasjon
- Bodil H. Øpstebø, kommunalsjef oppvekst
- Edith Oma, kommunalsjef helse og omsorg
- Hilde-Lill Våge, kommunalsjef samfunnsutvikling
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Marianne Soleng, avdelingsleiar servicesenteret (frå kl. 16:50)
- Dines Haslund, Aker BP (under orientering om prosjektet med landstraum til oljefelta NOA og Krafla)

- Camilla Hatleskog, Aker BP (under orientering om prosjektet med landstraum til oljefelta NOA og Krafla)
- Carl Christian Overholt, Aker BP (under orientering om prosjektet med landstraum til oljefelta NOA og Krafla)
- Helge Toft, Multiconsult (under orientering om prosjektet med landstraum til oljefelta NOA og Krafla)

Permisjonar:

- Odd Arne Haga (Frp) fekk permisjon frå møtet frå kl. 16:50. Han deltok som følgje av dette ikkje i den siste delen av handsaminga av sak 065 eller i handsaminga av sak 066.
- Shirin Kvernes Khadoor (Ap) og Gunn Østvik Petersen (Ap) fekk permisjon frå møtet frå kl. 17:05. Dei deltok som følgje av dette ikkje i handsaminga av sak 066.

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge (Marianne Soleng frå kl. 16:50)

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
058/2022	22/784	Godkjenning av innkalling og sakliste	
059/2022	22/784	Faste saker	
060/2022	22/304	Økonomirapportering pr august 2022	
061/2022	22/304	Finansrapportering 2.tertial 2022	
062/2022	20/1030	Brannstasjon - løysing i tråd med HMS og utrykningstid	
063/2022	22/353	Lokal forskrift gebyr for feie- og tilsynstenester	
064/2022	22/208	Kjøp av eigedom GBNR 39/9 frå Eviny på Frøland - mandat	
065/2022	20/605	Endringar i "Retningslinjer for barnevernutvalet"	
066/2022	21/353	Reglar for interpellasjonar i Samnanger kommune	
067/2022	19/194	Drift av frivilligsentralen jamfør ny forskrift	

SAKNR. 058/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste

20.10.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

KS- 058/2022 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKNR. 059/2022: Faste saker

20.10.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

Orientering om prosjektet med landstraum til oljefelta NOA og Krafla

Orientering om status for prosjektet og vidare framdriftsplan. Orienteringa var ved Dines Haslund frå Aker BP. Helge Toft, Carl Christian Overholt og Camilla Hatleskog var også til stades under orienteringa. NVE har no avgitt innstilling til konsesjonssøknaden, og saka ligg no til handsaming i Olje- og energidepartementet. Forventa byggestart er hausten 2023, og forventa driftsstart er i 2026.

Grunngjevne spørsmål:

Grunngjevne spørsmål frå KrF om framtidig omsorgstilbod for fysisk aktive demente

Gunn Totland Moss (KrF) las opp spørsmåla. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) las opp svar frå rådmannen.

Grunngjevne spørsmål frå Frp om bubilparkering

Odd Arne Haga (Frp) las opp spørsmåla. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge svara.

Grunngjevne spørsmål frå Frp om oppfølging av inaktive eldre

Odd Arne Haga (Frp) las opp spørsmåla. Kommunalsjef Edith Oma svara.

Grunngjevne spørsmål frå Frp om mobildekning i Rolvsvåg

Linda Haug Kollbotn (Frp) las opp spørsmåla. Ordførar Knut Harald Frøland svara og orienterte om kva som er gjort til no i denne saka.

Grunngjevne spørsmål frå Frp om 1995-bygget på Samnangerheimen

Linda Haug Kollbotn (Frp) las opp spørsmåla. Kommunalsjef Edith Oma svara.

Utvalet sitt kvarter:

Motorcrossgruppe i Samnanger idrettslag

Lena Tveit (Bl) orienterte om at det vil bli tatt opp ei motorcrossgruppe i Samnanger idrettslag. Dei

leitar no etter eit område der gruppa kan driva aktiviteten sin.

Forvaltningskontrollar

Leiar i kontrollutvalet Arild Røen (H) gav ros til administrasjonen si oppfølging av forvaltningskontrollar som er gjennomført dei siste par åra.

Solskjerming i kommunestyresalen

Øyvind Steinsland (BI) spurde om administrasjonen har plan for solskjerming i kommunestyresalen. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge svarta. Ho orienterte om at det er sett av midlar til dette i økonomiplanen.

Samrøystes vedtak.

KS- 059/2022 Vedtak:

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 060/2022: Økonomirapportering pr august 2022

20.10.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 060/2022 Vedtak:

1. Økonomirapportering per august 2022 vert tatt til orientering.
2. Følgjande budsjettjusteringar vert gjennomført i driftsbudsjettet:

Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i driftsbudsjettet pr. 2. tertial.

3. Følgjande budsjettendringar vert gjennomført i investeringsbudsjettet.

Investeringane er gjort greie for under investeringsbudsjett i saksutgreiinga:

Prosjekt - namn	Utgift ned / Innt opp	Utg opp / Innt ned
Opprust. kommunale vegar, bruer og kaiar	600 000	
Tilkomst helsetun/ merking sjukeheim		600 000
Totalt	600 000	600 000

Med denne budsjettjusteringa vert det flytta 0,6 mill. kr frå opprusting kommunale vegar, bruer og kaiar til tilkomst helsetun og merking sjukeheim.

06.10.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 046/2022 Vedtak:

1. Økonomirapportering per august 2022 vert tatt til orientering.

2. Følgjande budsjettjusteringar vert gjennomført i driftsbudsjettet:

Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i driftsbudsjettet pr. 2. tertial.

3. Følgjande budsjettendringar vert gjennomført i investeringsbudsjettet.

Investeringane er gjort greie for under investeringsbudsjett i saksutgreiinga:

Prosjekt - namn	Utgift ned / Innt opp	Utg opp / Innt ned
Opprust. kommunale vegar, bruer og kaiar	600 000	
Tilkomst helsetun/ merking sjukeheim		600 000
Totalt	600 000	600 000

Med denne budsjettjusteringa vert det flytta 0,6 mill. kr frå opprusting kommunale vegar, bruer og kaiar til tilkomst helsetun og merking sjukeheim.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Økonomirapportering per august 2022 vert tatt til orientering.

2. Følgjande budsjettjusteringar vert gjennomført i driftsbudsjettet:

Rådmannen gjer ikkje framlegg om endringar i driftsbudsjettet pr. 2. tertial.

3. Følgjande budsjettendringar vert gjennomført i investeringsbudsjettet.

Investeringane er gjort greie for under investeringsbudsjett i saksutgreiinga:

Prosjekt - namn	Utgift ned / innt opp	Utg opp / Innt ned
Opprust. kommunale vegar, bruer og kaiar	600 000	
Tilkomst helsetun/ merking sjukeheim		600 000
Totalt	600 000	600 000

Med denne budsjettjusteringa vert det flytta 0,6 mill. kr frå opprusting kommunale vegar, bruer og kaiar til tilkomst helsetun og merking sjukeheim.

SAKNR. 061/2022: Finansrapportering 2.tertial 2022

20.10.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 061/2022 Vedtak:

Finansrapportering for 2. tertial 2022 vert tatt til orientering.

06.10.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 047/2022 Vedtak:

Finansrapportering for 2. tertial 2022 vert tatt til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapportering for 2.tertial 2022 vert tatt til orientering.

SAKNR. 062/2022: Brannstasjon - løysing i tråd med HMS og utrykningstid

20.10.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ny brannstasjon, sett fram av Arild Røen (Høgre):

Ny brannstasjon vert bygd på kommunal eigedom i Nesodden

Ny brannstasjon, sett fram av Arild Røen (Høgre):

Rådmannen sitt forslag med følgjande endring: brannstasjonen på Tysse vert lagt ut for sal.

Ny brannstasjon - vidare utgreiing, sett fram av Martin Haugen (Bygdalista):

Til møte i formannskapet 10.11 vert det lagt fram ei vidare utgreiing av alternativa Tjoraklumpen og Tysse som ei permanent løysing. Utgreiinga spesifiserer blant anna arealbehov, kostnad, tidsperspektiv/framdriftsplan og visualisering av tomtealternativet. Prosjektgruppa som er foreslått i framlegget til rådmannen vert involvert i utgreiinga.

Til møte i formannskapet 10.11 er det også ynskjeleg med meir informasjon om krav om utrykningstid, og om desse krava er absolutte når det gjeld vurdering av tomtealternativ.

Ny brannstasjon - vidare utgreiing med endring, sett fram av Martin Haugen (Bygdalista):

Som over, men at utgreiinga vert lagt fram i kommunestyremøte 8.12.

Handsaming:

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) bad om å få gildskapen sin vurdert, på bakgrunn av at far hennar er grunneigar i det aktuelle området. Ho gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hennar. Ho vart samrøystes funnen ugild og deltok som følgje av dette ikkje i handsaminga av saka.

Arild Røen (H) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Steinsland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Ove Totland (Bl) fram framlegg til vedtak. Dette var eit fellesframlegg frå Bygdalista, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet. Framlegget var lagt inn i Møteportalen av Martin Haugen (Bl).

Arild Røen trekte det første framlegget sitt og sette fram eit nytt framlegg til vedtak. Dette var eit fellesframlegg frå Høgre, Arbeiderpartiet og Miljøpartiet Dei Grøne.

Før røystinga vart det gjort ei endring i fellesframlegget frå Bygdalista, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet. Dette endringsframlegget vart lagt inn i Møteportalen av Martin Haugen.

I røystinga fekk fellesframlegget frå Bygdalista, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet 12 røyster og vart vedteke. Fellesframlegget frå Høgre, Arbeiderpartiet og Miljøpartiet Dei Grøne fekk 8 røyster.

For framlegget frå Bl, Sp, KrF og Frp	For framlegget frå H, Ap og MDG
Knut Harald Frøland (Bl)	Shirin Kvernes Khador (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Harald Boge (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Ove Totland (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Øyvind Steinsland (Bl)	Arild Røen (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Oskar Røen (MDG)
Odd Arne Haga (Frp)	
Håvard Tvedterås (Frp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	

KS- 062/2022 Vedtak:

Til møte i kommunestyret 8.12 vert det lagt fram ei vidare utgreiing av alternativa Tjoraklumpen og Tysse som ei permanent løysing. Utgreiinga spesifiserer blant anna arealbehov, kostnad, tidsperspektiv/framdriftsplan og visualisering av tomtealternativet. Prosjektgruppa som er foreslått i framlegget til rådmannen vert involvert i utgreiinga.

Til møte i kommunestyret 8.12 er det også ynskjeleg med meir informasjon om krav om utrykningstid, og om desse krava er absolutte når det gjeld vurdering av tomtealternativ.

06.10.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Ny brannstasjon, sett fram av Lena Tveit (Bygdalista):

Saka blir vidersendt utan tilråing til kommunestyremøte den 20.10

Justeringsframlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Setninga: "Branngarasjen på Tysse vert lagt ut for sal til føremål som bilgarasje ev bilverkstad" vert endra til: "Branngarasjen på Tysse vert lagt ut for sal til føremål som bilgarasje eller liknande".

Handsaming:

Kommunalsjef Hilde-Lill Våge og koordinator Jostein Steinsland-Hauge orienterte innleiingsvis om saka.

Lena Tveit (Bl) sette fram framlegg om å senda saka vidare til kommunestyret utan tilråding.

Øyvind Strømmen (MDG) la inn eit justeringsframlegg i Møteportalen, men dette framlegget vart ikkje sett fram i møtet.

Det vart røysta over framlegget til Lena Tveit. Framlegget vart vedteke med 7 mot 2 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Solveig Vassenden (Bl)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Øyvind Røen (Sp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Jon Magne Bogevis (Ap)	

FORM- 048/2022 Vedtak:

Saka blir vidersendt utan tilråding til kommunestyremøtet den 20.10.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev rådmannen mandat til å etablere brannstasjon på kommunal tomt på Nesodden. Budsjett avsett i investeringsbudsjett for 2022-23 på inntil 6,5 millionar er ramma og vert lagt til grunn for etableringa.

Branngarasjen på Tysse vert lagt ut for sal til føremål som bilgarasje ev bilverkstad.

Det vert oppretta ei prosjektgruppe for etablering av brannstasjon på Nesodden.

Samnanger kommune er prosjekteigar og har prosjektleiinga. Kontakt i Bergen brannvesen Erik Pfeiffer, koordinator for brannberedskapen i Samnanger Jostein Steinsland-Hauge og Verneombod Ove Fossdal er prosjektmedarbeidarar i prosjektet.

SAKNR. 063/2022: Lokal forskrift gebyr for feie- og tilsynstenester**20.10.2022 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøstes vedteken.

KS- 063/2022 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek lokal forskrift om gebyr for feie- og tilsynstenester dagsett 20.10.2022 med heimel i brann- og eksplosjonsvernloven § 28 andre ledd.

06.10.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøstes vedteke.

FORM- 049/2022 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek lokal forskrift om gebyr for feie- og tilsynstjenester dagsett 20.10.2022 med heimel i brann- og eksplosjonsvernloven §28 andre ledd.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek lokal forskrift om gebyr for feie- og tilsynstjenester dagsett 20.10.2022 med heimel i brann- og eksplosjonsvernloven §28 andre ledd.

SAKNR. 064/2022: Kjøp av eigedom GBNR 39/9 frå Eviny på Frøland - mandat**20.10.2022 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt opprinnelege framlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Samnanger kommune inngår avtale med Eviny om overdraging av bygg og eigedom på Frøland (GBNR 39/5).

Rådmannen får fullmakt til inngå avtale som inneber kjøpesum for bygga/eigedomen på 7,8 millionar kroner, jf. punkt 1 over.

Tidspunkt for overdraginga vil vera tre månader etter at avtale/kontrakt er inngått. Overdraginga vert innarbeid i budsjettet slik at ho kan gjennomførast i 2023.

Sak 064/22, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Punkt 1 og 3 er uendra. Punkt 4 og 5 går ut.

Endring punkt 2: Med bakgrunn i usikre tilhøve m.o.t. fjellsikring og vøle av tak får rådmannen fullmakt til å inngå avtale som inneber kjøpesum for bygga/eigedomen på 7,0 millionar kroner, jf. pkt. 1

Handsaming:

Før debatten i saka orienterte kommunalsjef Hilde-Lill Våge om kva tilbakemelding administrasjonen har fått frå Eviny om punkt 4 i innstillinga til formannskapet, samt om nokre problemstillingar knytt til utbetring av taket på Eviny-bygget.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette ordførar Knut Harald Frøland fram framlegg om å lukka møtet under den vidare handsaminga av saka, med heimel i kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b. Møtet vart lukka medan kommunestyret drøfta dette framlegget. Møtet vart opna igjen før kommunestyret røysta over framlegget om lukking. Det vart samrøystes vedteke å lukka møtet under den vidare handsaminga av saka. Resten av handsaminga av saka gjekk som følge av dette for lukka dører.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak. Dette var eit endringsframlegg i forhold til formannskapet si innstilling.

Det vart først røysta over formannskapet si innstilling. Ingen røysta for denne innstillinga.

Det vart så gjennomført røysting der framlegga til Øyvind Strømmen og Øyvind Røen vart sette opp mot kvarandre. Framlegget til Øyvind Røen fekk 11 røyster og vart vedteke. Framlegget til Øyvind Strømmen fekk 10 røyster.

For Øyvind Røen sitt framlegg	For Øyvind Strømmen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Lena Tveit (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Martin Haugen (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Ove Totland (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Øyvind Steinsland (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Solveig Vassenden (Bl)	Harald Boge (Ap)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Håvard Tvedterås (Frp)	Gunn Totland Moss (KrF)
Monica Tjønnå (Sp)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	

KS- 064/2022 Vedtak:

1. Samnanger kommune inngår avtale med Eviny om overdraging av bygg og eidegom på Frøland (GBNR 39/9).
2. Med bakgrunn i usikre tilhøve m.o.t. fjellsikring og vøle av tak får rådmannen fullmakt til å inngå avtale som inneber kjøpesum for bygga/eigedomen på 7,0 millionar kroner, jf. pkt. 1
3. Tidspunkt for overdraginga vil vera tre månader etter at avtale/kontrakt er inngått. Overdraginga vert innarbeid i budsjettet slik at ho kan gjennomførast i 2023.

06.10.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Nytt punkt 4. Samnanger kommune ber om at Eviny legg fram geolog-rapport med vurdering av fjellsida bak hovudbygget før kjøpet vert realisert. Må det gjerast tiltak i fjellsida, kostar Eviny desse før overdraginga.

Nytt punkt 5. Samnanger kommune ber Eviny om at utbetringa av taket på hovudbygget vert gjort samtidig som taket på kraftstasjonen vert vølt. Rådmannen får fullmakt til å forhandla med Eviny om korleis kostnaden for dette skal finansierast.

Det vart før handsaminga av saka avklart at det stod feil gards-/bruksnummer (GBNR) i saksoverskrifta og saksframlegget, GBNR 39/5. Det korrekte er nummeret er GBNR 39/9.

Handsaming:

Kommunalsjef Hilde-Lill Våge orienterte innleiingsvis om saka og svara på spørsmål frå formannskapet.

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen fram framlegg om to tilleggspunkt i forhold til rådmannen sitt framlegg.

I røystringa i saka vart framlegget til rådmannen sett opp mot framlegget til Øyvind Røen. Framlegget til Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

FORM- 051/2022 Vedtak:

1. Samnanger kommune inngår avtale med Eviny om overdraging av bygg og eigedom på Frøland (GBNR 39/9).
2. Rådmannen får fullmakt til inngå avtale som inneber kjøpesum for bygga/eigedomen på 7,8 millionar kroner, jf. punkt 1 over.
3. Tidspunkt for overdraginga vil vera tre månader etter at avtale/kontrakt er inngått. Overdraginga vert innarbeid i budsjettet slik at ho kan gjennomførast i 2023.
4. Samnanger kommune ber om at Eviny legg fram geolog-rapport med vurdering av fjellsida bak hovudbygget før kjøpet vert realisert. Må det gjerast tiltak i fjellsida, kostar Eviny desse før overdraginga.
5. Samnanger kommune ber Eviny om at utbetringa av taket på hovudbygget vert gjort samtidig som taket på kraftstasjonen vert vølt. Rådmannen får fullmakt til å forhandla med Eviny om korleis kostnaden for dette skal finansierast.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune inngår avtale med Eviny om overdraging av bygg og eigedom på Frøland (GBNR 39/5).
2. Rådmannen får fullmakt til inngå avtale som inneber kjøpesum for bygga/eigedomen på 7,8 millionar kroner, jf. punkt 1 over.
3. Tidspunkt for overdraginga vil vera tre månader etter at avtale/kontrakt er inngått. Overdraginga vert innarbeid i budsjettet slik at ho kan gjennomførast i 2023.

SAKNR. 065/2022: Endringar i "Retningslinjer for barnevernutvalet"

20.10.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Redaksjonell justering, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Punkt 1 vert flytta til framfor den innleiande leieteksten, og dei resterande numra endra.

Teksten i punkt 1 vert endra til: "Tommy Thompson vert vald som medlem i utvalet, og erstatter Tor Monsen, som har tredd ut".

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg med ei redaksjonell justering i forhold til rådmannen

sitt framlegg.

Framlegget til Øyvind Strømmen vart samrøystes vedteke.

KS- 065/2022 Vedtak:

Tommy Thompson vert vald som medlem i utvalet, og erstattar Tor Monsen, som har tredd ut.

Samnanger kommune vedtek følgande endringar i *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune*:

1. Under avsnitt *sakshandsaming* vert følgande lagt til etter 2. ledd:

I tillegg vert det halde eitt møte kvart halvår der rådmann, kommunalsjef, barnevernsleiar og barnevernsutvalet tek del. Rådmannen kallar inn. Føremål er overordna dialog. Det skal også haldast tre faste møte kvart halvår der barnevernsleiar (og øvrige barnevernstilsette etter avtale) møter saman med barnevernsutvalet. Hovudføremål med desse møta er systematisk utvikling av barnevernet i Samnanger. Barnevernsleiar kallar inn.

2. Avsnittet *sakshandsaming* 3. ledd vert endra til:

Barnevernsutvalet syter for sekretær til møta dei arrangerer eller tek del i, og fakturerer barnevernstenesta for medgått tid.

3. Avsnittet *evaluering* vert endra til:

Barnevernsutvalet skal evaluerast i løpet av vårhalvåret 2024.

Heimel for vedtaket:

- Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek følgande endringar i *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune*:

1. Under avsnitt *val* vert Tor Monsen erstatta av Tommy Thompson

2. Under avsnitt *sakshandsaming* vert følgande lagt til etter 2. ledd:

I tillegg vert det halde èit møte kvart halvår kor rådmann, kommunalsjef, barnevernleiar og barnevernsutvalet tek del. Rådmannen kallar inn. Føremål er overordna dialog. Det skal også haldast 3 faste møte kvart halvår kor barnevernleiar (og øvrige barnevernstilsette etter avtale) møter saman med barnevernsutvalet. Hovudføremål med desse møta er systematisk utvikling av barnevernet i Samnanger. Barnevernleiar kallar inn.

3. Avsnittet *sakshandsaming* 3. ledd vert endra til:

Barnevernutvalet syt for sekretær til møta dei arrangerer eller tek del i, og fakturerer barneverntenesta for medgått tid.

4. Avsnittet *evaluering* vert endra til:

Barnevernutvalet skal evaluerast i løpet av vårhalvåret 2024.

Heimel for vedtaket:

- Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune

SAKNR. 066/2022: Reglar for interpellasjonar i Samnanger kommune

20.10.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Alternativt framlegg frå MDG, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):
Samnanger kommunestyre vedtek følgjande reglar for interpellasjonar og innkomne spørsmål:

1. Fristen for innsending av interpellasjonar vert endra til 8 dagar før møtet, for å sikra at innkomne interpellasjonar kan sendast ut saman med møteinnkallinga.
2. Interpellasjonar og innkomne spørsmål skal til vanleg koma fyrst i møtet, og det kan brukast totalt 40 min. til desse, med unntak for utvalet sitt kvarter. Interpellasjonar skal handsamast i den rekkefølga dei har kome inn. Interpellasjonar som ikkje kan handsamast innanfor den fastsette tida vert handsama i det påfølgjande møtet. Det same gjeld for seint innkomne interpellasjonar.
3. Ved eventuelt ordskifte i samband med ein interpellasjon, kan interpellanten, ordføraren og rådmannen ha ordet to gongar, og andre i kommunestyret kan ha ordet ein gong. Det er ikkje høve til replikkordskifte. Dersom ein interpellasjon er fremja av fleire medlemmer, får berre ein av desse talerett som interpellant.
4. Framlegg som vert sett fram i samband med spørsmål eller interpellasjonar skal normalt adresserast til rådmannen som eit oversendingsforslag, altså eit framlegg om vidare sakshandsaming. I eit slikt kan kommunestyret til dømes be om at rådmannen kjem attende til kommunestyret med ei eiga politisk sak.
5. Kommunestyret kan også velja å realitetshandsama ein interpellasjon, gjennom å setja denne på sakslista som ei ordinær sak, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av kommunestyret motsett seg dette, jf. kommunelova §11-3, 5. ledd. Dersom ein interpellasjon vert sett på saklista, vert saka behandla sist i møtet, og som ei ordinær sak med tanke på taletid, replikkordveksling o.l.
6. Administrasjonen får i fullmakt å baka desse endringane inn i kommunestyret sitt reglement. Fullmakta inkluderer naudsynte redaksjonelle justeringar, samt endring / flytting av underoverskrifter.
7. Kommunestyret ber om at administrasjonen kjem attende med ei sak om revidering av reglementa for folkevalde organ. Det vil vera naturleg å gjera dette tidleg i neste kommunestyreperiode.

Omforeint framlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

1. Kommunestyret ber om at administrasjonen kjem attende med ei sak om revidering av reglementa for folkevalde organ. Det vil vera naturleg å gjera dette tidleg i neste kommunestyreperiode.
2. Kommunestyret vedtek følgjande reglar for spørsmål og interpellasjonar, rådmannen får mynde til å gjera redaksjonelle endringar i reglementet, inklusive endring / flytting av underoverskrifter:

Spørsmål og interpellasjonar til ordførar/rådmann

Kommunestyret kan på ulike måtar stilla spørsmål og koma med innspel om saker som ikkje står på saklista til eit kommunestyremøte (jf. kommunelova § 11-2, 4. ledd).

- Det kan brukast totalt 60 min. til spørsmål og interpellasjonar i kvart møte. Kommunestyret kan med særskilt vedtak utvida denne tida.
- Spørsmål og interpellasjonar skal handsamast først i møta.
- Spørsmål og interpellasjonar som ikkje vert handsama i den tilmålte tida i eit møte, må fremjast på nytt i neste møte.
- Det er to hovudgrupper av spørsmål/interpellasjonar: 1) Enklare, konkrete spørsmål som kan svarast på utan at det vert gjort mykje utgreiingsarbeid. 2) Spørsmål og innspel (interpellasjonar) som krev meir omfattande utgreiingar og/eller svar.
- Spørsmål og innspel i gruppe 2, jf. førre punkt, skal fremjast skriftleg seinast åtte dagar før kommunestyremøta. Det skal svarast skriftleg på spørsmål/innspel i denne gruppa.
- Spørsmål og innspel i gruppe 2 skal sendast ut saman med møteinnkallingane og sakspapira. Dei skal òg gjerast tilgjengelege på kommunen si nettside saman med andre sakspapir. Det same gjeld svara når dei er klare.
- Spørsmålsstillaren/interpellanten må sjølv vurdere og opplysa om i kva gruppe han meiner spørsmålet/interpellasjonen høyrer heime. Ordføraren vurderer, i samråd med rådmannen, om spørsmålet/innspelet er plassert i rett gruppe.

1. Enkle, konkrete spørsmål

- Enkle spørsmål om konkrete saker kan stillast munnleg til ordføraren i møtet eller sendast skriftleg til ordføraren seinast kl. 10 dagen før møtet. Ordføraren kan lata rådmannen, eller ein som representerer rådmannen, svara.
- Dei spørsmåla som har vorte fremja skriftleg, skal svarast på først.
- Dersom det ikkje er mogeleg å gje svar på spørsmålet i møtet, skal ordføraren syta for at spørsmålsstillaren får svar på neste kommunestyremøte, eller at det vert sendt svar i e-post til heile kommunestyret.
- Ved handsaminga av spørsmål kan den som spør, og den som svarar, ha eitt innlegg kvar. Dei kan dessutan ha ordet éin gong kvar til konkrete merknader. Ingen andre skal ha ordet.
- Spørjaren og den som svarar, får taletid på inntil fem min. kvar for å reisa spørsmålet og svara på det.

2. Interpellasjonar / omfattande spørsmål

Interpellasjonar er spørsmål og innspel som er meir prinsipielle og/eller særleg omfattande, og som krev utfyllande svar, eventuelt debatt og avrøysting.

- Dersom ein interpellasjon vert meld seinare enn åtte dagar før eit møte, kan ordføraren nøya seg med eit kort, førebels svar og ta saka opp til full handsaming i neste møte.
- Under den fullstendige handsaminga av ein interpellasjon kan interpellanten og ordføraren / den som svarar på interpellasjonen, ta ordet to gonger. Dei andre representantane kan ha ordet éin gong.
- Handsaminga av ein interpellasjon skal ikkje vara meir enn 30 min. viss ikkje kommunestyret vedtek noko anna.
- Det er ikkje høve til replikkordskifte ved handsaminga av interpellasjonar.
- Taletida i samband med interpellasjonar er fem min. per innlegg

Interpellasjonar med framlegg

- Dersom det er knytt konkrete framlegg til ein interpellasjon, eller det kjem nye framlegg i interpellasjonsdebatten, er hovudregelen at kommunestyret med vanleg fleirtal vedtek å senda framlegga over til rådmannen («oversendingsframlegg»). Her kan kommunestyret be om at rådmannen legg fram ei sak som byggjer på interpellasjonen, i eit seinare møte.
- Kommunestyret kan òg realitetshandsama framlegg og gjera vedtak i møtet dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av kommunestyrepreressantane motset seg dette (jf. kommunelova § 11-3,

5. ledd).

- Dersom kommunestyret vel å realitetshandsama ei sak vert denne sett på sakslista sist i møtet, med ordinære reglar for innlegg og replikkveksling.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) bad om gruppemøte.

Odd Arne Haga (Frp) fekk permisjon frå møtet frå kl. 16:50.

Etter gruppemøtet trekte Øyvind Strømmen det første framlegget sitt, og sette fram eit omforeint framlegg frå seg sjølv, Øyvind Røen (Sp) og Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl).

Det omforeinte framlegget vart samrøystes vedteke.

Shirin Kvernes Khador (Ap) og Gunn Østvik Petersen (Ap) fekk permisjon frå møtet etter røystinga i sak 066 (kl. 17:05).

KS- 066/2022 Vedtak:

1. Kommunestyret ber om at administrasjonen kjem attende med ei sak om revidering av reglementa for folkevalde organ. Det vil vera naturleg å gjera dette tidleg i neste kommunestyreperiode.

2. Kommunestyret vedtek følgjande reglar for spørsmål og interpellasjonar, rådmannen får mynde til å gjera redaksjonelle endringar i reglementet, inklusive endring / flytting av underoverskrifter:

Spørsmål og interpellasjonar til ordførar/rådmann

Kommunestyret kan på ulike måtar stilla spørsmål og koma med innspel om saker som ikkje står på saklista til eit kommunestyremøte (jf. kommunelova § 11-2, 4. ledd).

- Det kan brukast totalt 60 minutt til spørsmål og interpellasjonar i kvart møte. Kommunestyret kan med særskilt vedtak utvida denne tida.
- Spørsmål og interpellasjonar skal handsamast først i møta.
- Spørsmål og interpellasjonar som ikkje vert handsama i den tilmålte tida i eit møte, må fremjast på nytt i neste møte.
- Det er to hovudgrupper av spørsmål/interpellasjonar: 1) Enklare, konkrete spørsmål som kan svarast på utan at det vert gjort mykje utgreiingsarbeid. 2) Spørsmål og innspel (interpellasjonar) som krev meir omfattande utgreiingar og/eller svar.
- Spørsmål og innspel i gruppe 2, jf. førre punkt, skal fremjast skriftleg seinast åtte dagar før kommunestyremøta. Det skal svarast skriftleg på spørsmål/innspel i denne gruppa.
- Spørsmål og innspel i gruppe 2 skal sendast ut saman med møteinnkallingane og sakspapira. Dei skal òg gjerast tilgjengelege på kommunen si nettside saman med andre sakspapir. Det same gjeld svara når dei er klare.
- Spørsmålsstillaren/interpellanten må sjølv vurdere og opplysa om i kva gruppe han meiner spørsmålet/interpellasjonen høyrer heime. Ordføraren vurderer, i samråd med rådmannen, om spørsmålet/innspellet er plassert i rett gruppe.

1. Enkle, konkrete spørsmål

- Enkle spørsmål om konkrete saker kan stillast munnleg til ordføraren i møtet eller sendast skriftleg til ordføraren seinast kl. 10 dagen før møtet. Ordføraren kan lata rådmannen, eller ein som representerer rådmannen, svara.
- Dei spørsmåla som har vorte fremja skriftleg, skal svarast på først.
- Dersom det ikkje er mogeleg å gje svar på spørsmålet i møtet, skal ordføraren syta for at spørsmålsstillaren får svar på neste kommunestyremøte, eller at det vert sendt svar i e-post til heile kommunestyret.
- Ved handsaminga av spørsmål kan den som spør, og den som svarar, ha eitt innlegg kvar. Dei kan

dessutan ha ordet éin gong kvar til konkrete merknader. Ingen andre skal ha ordet.

- Spørjaren og den som svarar, får taletid på inntil fem minutt kvar for å reisa spørsmålet og svara på det.

2. Interpellasjonar / omfattande spørsmål

Interpellasjonar er spørsmål og innspel som er meir prinsipielle og/eller særleg omfattande, og som krev utfyllande svar, eventuelt debatt og avrøysting.

- Dersom ein interpellasjon vert meld seinare enn åtte dagar før eit møte, kan ordføraren nøya seg med eit kort, førebels svar og ta saka opp til full handsaming i neste møte.
- Under den fullstendige handsaminga av ein interpellasjon kan interpellanten og ordføraren / den som svarar på interpellasjonen, ta ordet to gonger. Dei andre representantane kan ha ordet éin gong.
- Handsaminga av ein interpellasjon skal ikkje vara meir enn 30 minutt viss ikkje kommunestyret vedtek noko anna.
- Det er ikkje høve til replikkordskifte ved handsaminga av interpellasjonar.
- Taletida i samband med interpellasjonar er fem minutt per innlegg

Interpellasjonar med framlegg

- Dersom det er knytt konkrete framlegg til ein interpellasjon, eller det kjem nye framlegg i interpellasjonsdebatten, er hovudregelen at kommunestyret med vanleg fleirtal vedtek å senda framlegga over til rådmannen («oversendingsframlegg»). Her kan kommunestyret be om at rådmannen legg fram ei sak som byggjer på interpellasjonen, i eit seinare møte.
- Kommunestyret kan òg realitetshandsama framlegg og gjera vedtak i møtet dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av kommunestyrerepresentantane motset seg dette (jf. kommunelova § 11-3, 5. ledd).
- Dersom kommunestyret vel å realitetshandsama ei sak vert denne sett på saklista sist i møtet, med ordinære reglar for innlegg og replikkveksling.

15.09.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (BI) sette fram framlegg om å utsetja saka. Framlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 054/2022 Vedtak:

Saka blir utsett.

16.06.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Alternativframlegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

1. Interpellasjonar som inneheld framlegg til vedtak skal handsamast etter reglane i kommunelova §11-3 femte ledd, i tråd med tolkingsuttale frå Kommunal- og distriksdepartementet av 19. august 2021. Det inneber at ordføraren eller 1/3 av kommunestyremedlemene kan motsetja seg realitetshandsaming av saka. Dette gjeld likevel ikkje for vedtak om vidare saksgang, t.d. at ein ber om at administrasjonen kjem attende til saka, eller at ho vert sett opp på ei sak på neste møte.

2. Fristen for innsending av interpellasjonar vert endra til 8 dagar før møtet, for å sikra at innkomne interpellasjonar kan sendast ut saman med møteinnkallinga.

3. Interpellasjonar skal til vanleg koma til sist i møtet, og skal handsamast i den rekkefølga dei har kome inn. Interpellasjonar som ikkje kan handsamast innanfor møtetida vert handsama i det påfølgande møtet.

4. Rådmannen får i oppgåve å baka desse endringane inn i reglementet for kommunestyret. Dette inkluderer eit mynde til å redaksjonell endring av undertitlar og oppbygging av reglementet.

5. Kommunestyret ber om at administrasjonen kjem attende med ei sak om revidering av reglementa

for folkevalde organ.

Interpellasjonar, sett fram av Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bygdalista):

Samnanger kommune brukar det same reglementet som tidlegare, med eitpar tillegg:

- Interpellasjonar skal inn 8 dagar før, slik at dei vert med innkallinga.
- Interpellasjonar skal handsamast først i møtet som no.
- Tidsbruk: som hovudregel skal det ikkje nyttast meir enn 30 min til spm. og interpellasjonar. Utvalets kvarter kjem utanom.

Handsaming:

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Karl Bård Kollbotn (Frp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette ordførar Knut Harald Frøland (Bl) fram framlegg om å utsetja saka til kommunestyremøtet 15.09.2022. Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS- 033/2022 Vedtak:

Saka vert utsett.

02.06.2022 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Sak 023/22, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Saka går vidare til kommunestyret utan innstilling

Handsaming:

Etter den inneleiande debatten bad Karl Bård Kollbotn (Frp) om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen (Sp) fram framlegg til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM- 023/2022 Vedtak:

Saka går vidare til kommunestyret utan innstilling.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert sett ned eit arbeidsutval som får i oppgåve å utarbeida og leggja fram forslag til reviderte reglar for spørsmål og interpellasjonar i kommunestyret. Forslaget skal leggjast fram for handsaming i kommunestyret seinast i desember 2022.

Arbeidsutvalet har følgjande fem medlemmer:

-
-
-
-
-

Arbeidsutvalet vel sjølv leiar og nestleiar. Det skal utbetalast full sats for møtegodtgjering til medlemmene i utvalet.

Rådmannen må sørgja for nødvendig sekretærhjelp til utvalet.

SAKNR. 067/2022: Drift av frivilligsentralen jamfør ny forskrift

20.10.2022 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om å få gildskapen sin vurdert, på bakgrunn av at han er gift med leiaren i frivilligsentralen. Han gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans. Øyvind Røen gjekk inn som ordførar under denne vurderinga. Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild og deltok som følgje av dette ikkje i handsaminga av saka. Øyvind Røen heldt fram som ordførar i resten av handsaminga av saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 067/2022 Vedtak:

Jamfør den nye forskrifta for tilskot til frivilligsentralar § 7 vedtek Samnanger kommune å stilla med eitt årsverk i frivilligsentralen og lokal finansiering tilsvarande minst 40 % av frivilligsentralen sine totale driftsinntekter.

Tiltaket vert lagt inn i kultureininga sitt driftsbudsjett i *Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026*. Eigendelen til kommunen vert estimert å vera om lag kr. 357 000.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Jamfør den nye forskrifta for tilskot til frivilligsentralar §7 vedtek Samnanger kommune å stilla med eitt årsverk i frivilligsentralen og lokal finansiering tilsvarande minst 40% av frivilligsentralen sine totale driftsinntekter.

Tiltaket vert lagt inn i kultureininga sitt driftsbudsjett i *Budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026*. Eigendelen til kommunen vert estimert å vera om lag kr. 357 000.